



FJORD KOMMUNE  
Postboks 144  
6211 VALLDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

## Fjord kommune

### Reguleringsplan for Stordal brannstasjon

### Trekking av motsegn

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

#### Bakgrunn

Vi viser til oversending datert 31.05.2021 av reviderte plandokument for reguleringsplan for Stordal brannstasjon og førespurnad om vi vil trekke våre motsegner til planen.

Statsforvaltaren fremma i brev av 08.03.2021 motsegn til reguleringsplanen fordi det ikkje var dokumenter tilstrekkeleg tryggleik mot potensiell skredfare eller områdeskred av kvikkleire, samt at det ikkje var tilstrekkeleg sikra at matjorda ville takast vare på.

Statsforvaltaren har følgande merknader til revidert planforslag:

#### Landbruk

Statsforvaltaren er nøgd med at føresegna § 3.7 for bevaring av matjorda er justert, og at det vert laga ein fagleg plan for gjennomføringa. Det gir grunnlag for vidare framtidig matproduksjon på jordressursen. Vi kan på det grunnlag **trekke** motsegna til reguleringsplanen.

Vi vil gjerne presisere at det er ein stor fordel for matprodusenten å utvide eksisterande dyrka mark ved nydyrking, i staden for oppretting av ein mindre, ny teig. Det kan betre arronderinga av jordbruksarealet og lette drifta for bonden.

Statsforvaltaren er vidare til dels usamd i vurderinga av at frisikostråde vert regulert til jordbruksføremål. Matjorda frå heile planområdet området skal flyttast, og arealet er verken av

storleik eller plassering eigna til framtidig aktiv landbruksproduksjon, og er slik sett misvisande i plankartet.

Vi vil minne om at all nedbygging av dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) og dyrkbar mark, skal rapporterast inn til KOSTRA ved årets slutt same året reguleringsplanen er vedtatt.

### **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

ROS-analysen er oppdatert i tråd med vår tilbakemelding. Den oppdaterte ROS-analysen har ikkje avdekka risiko- og sårbarheitstilhøve som må følgjast opp gjennom planleggingsverkemidlane. Statsforvaltaren kan **trekke** motsegna, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1.

Vi ber om at viktig dokumentasjon på tryggleik, som Multiconsult sine utgreiingar og rapportar, følgjer saka.

### **Konklusjon**

Statsforvaltaren trekker vår motsegn som vart fremma i brev av 08.03.2021, av omsyn til samfunnstryggleik og landbruksinteresser.

Med helsing

Berit Brendskag Lied (e.f.)  
ass. statsforvaltar

Sveinung Parr Dimmen  
samordnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

### **Fagsaksbehandlar**

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04  
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

### **Kopi**

NVE vest, Naustdalsvegen 1b, 6800 Førde  
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer